



Systrene Solveig(t.h.) og Veslemøy Haugland imponerte med dobbelsiger i Torefjellsrennet.

7 uskedelinger markerte seg på ein flott måte då det tradisjonsrike turrennet Torefjellsrennet vart arrangert på Sjusete i Kvam i dag. I konkurranse med løparar frå heile fylket hevda våre løparar seg heilt i toppen. Dei over 16 år gjekk 22 km medan dei som er yngre gjekk halve distansen.

I klassen for jenter 13-16 år presterte søstrene Solveig og Veslemøy Haugland å ta dobbelsiger. Denne gongen var Solveig best då ho kom i mål vel halvtanna minutt føre den 1 år yngre systema. Det er verd å merka seg at dei to jentene gjekk så godt at begge hadde hevda seg høgt oppe på resultatlista i guteklassen og. Bestefar deira, Pål Haugland, sikra seg klassesigeren i 65-70 år då han var raskast av denne aldersgruppa gjennom løypa.

Tor Vidar Sæle hadde og ein god dag i løypa. Han vann klasse 50-55 år. I klassen 17-20 år gjorde Johannes Haugland og Tord Sæle ein flott innsats. Johannes kom på 3.plass medan Tord vart nummer 5.

Unge Pål Ingmar Haugland deltok i trimklassen. Der var ikkje rangering, men han gjorde ein flott innsats då han tilbakela 10 km.

Det var fine forhold under rennet som gjekk i ein svært god løypetrasè med fine faste løyper. Det vert meldt at det var færre deltakarar frå Kvinnherad i år enn det som har vore vanleg i dette tradisjonsrike rennet tidlegare.

Fullstendig resultatliste finn de ved å [klikka her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen